



Jobbnorge-ID: 112344

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Postdoktor

Ved Institutt for sosialantropologi er det ledig ei stilling som postdoktor. Stillinga er for ein periode på 3 år og knytt til prosjektet ENERGETHICS: Norwegian energy companies abroad. Expanding the anthropological understanding of corporate social responsibility.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

ENERGETHICS er eit fire-årig prosjekt finansiert av NFR og koordinert av Institutt for sosialantropologi ved Universitetet i Bergen. Prosjektet har hovudsamarbeidspartnarar ved Christian Michelsens Institutt og University of Sussex, og har også knytt til seg fleire eksterne doktorgradsprosjekt. Prosjektet vil utforske korleis samfunnsansvar (CSR) vert påverka av følgjande faktorar: statseigerskap, den nordiske modell for interaksjon mellom bedrift-stat-samfunn, ein globalisert diskurs om samfunnsansvar, motstand og forhandling i dei land der selskapa opererer, og materialiteten til energi og miljø. Den utlyste postdoktorstillinga vil i nært samarbeid med prosjektleiaren ha ansvar for ei studie av det norske energiselskapet Statkraft, og vil innebære 'multicited' feltarbeid for å utforske korleis selskapet handterer samfunnsansvar i relasjon til sine prosjekter i Tyrkia. Postdoktorstipendiaten bør ha erfaring frå feltarbeid i Tyrkia og fortrinnsvis også frå Norge og må vere i stand til å bidra til teoretiske debatter omkring globalisering, neoliberalisering, energi og bedriftsetikk. Vi forventar at postdoktorstipendiaten tar ei aktiv rolle i prosjektets fellesaktiviteter.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha oppnådd norsk ph.d. - grad eller tilsvarende utdanning innanfor sosialantropologi eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje
- Erfaring frå feltarbeid i Tyrkia
- Arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Nytte engelsk skriftleg og munnleg
- Tilstrekkelege ferdigheiter i tyrkisk til å utføre deltakande observasjon i Tyrkia

Ved vurdering av søkjarane vil det særleg bli lagt vekt på følgjande:

- Vitskaplege kvalifikasjonar
- Vitskapleg tyngde, og originalitet i det planlagde prosjektet.
- Verdi av prosjektet som ledd i kvalifisering til toppstilling.

Aktuelle kandidatar vil bli innkalla til intervju og kan også verte bede om å helde ei prøveforelesing over eit oppgitt emne.

Dei som søker stillinga vert rådd til å orientera seg om undervisningstilbodet og forskingsprofilen ved instituttet, sjå <http://www.uib.no/antro>.

Om postdoktorstillinga:

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som blir tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 3 år.

Ein plan for forskingsarbeidet i form av ei projektskisse på 4-5 sider skal følgje søknaden. Projektskissa skal innehalde framdriftsplan for dei ulike delane av forskingsarbeidet, og ein publiseringsplan. Det er ein føresetnad at den som blir tilsett gjennomfører prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden. Eit budsjett for driftsutgifter må setjast opp.

Vi kan tilby:

- Eit godt og faglig utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 57 i det statlege regulativ ved tilsetjing, (Lpl.17.510, kode 1352/LR24.1). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For spesielt godt kvalifiserte søkjarar kan det vere aktuelt å vurdere høgare løn
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga

- CV
- Karakterutskrifter og vitnemål, samt stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert
- Relevante attestar
- Liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- Eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

Søknadsfrist: 23.4.2015

Søknaden skal merkast: 2015/3578

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: prosjektleder og instituttleder professor Ståle Knudsen, e-post stale.knudsen@uib.no or tel. +47 99 36 61 10.

Praktiske spørsmål kring søknadsprosessen kan rettast til seniorkonsulent Anita Helen Spurkeland, e-post: anita.spurkeland@uib.no eller tlf. 55 58 90 58.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med innvandrabakgrunn. Personar med innvandrabakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: